

# Time Sau- og Geit

## Årsmelding og rekneskap - 2010 -



**NORGE'S AMBASSADØR I IRLAND INVITERTE  
TIME SAU & GEIT PÅ BESØK TIL IRLAND.**

**IRLANDS BESTE CHAROLAIS VER MED SON (NEDRE BILETE)**

# ÅRSMØTE

Time Sau- og Geit har årsmøte på Undheim Samfunnshus 27. januar 2011 kl. 1930.

Tradisjonell mat, kaffi, utlodding, premiering og saker som medlemmene vil ta opp.

Ove Ommundsen, formann i NSG besøker oss

Alle er velkomne.

## Sakliste:

1. Godkjenning av innkalling og sakliste.
2. Val av to til å skriva under møteprotokollen.
3. Årsmelding.
4. Rekneskap.
5. Ove Ommundsen NSG
6. Veraformidling frå Time veraring, erfaringer og anbefalinger
7. Lagsturen til Irland 2010
8. Skotpremie rev. Forslag frå styret om skotpremie for rev 2011. 500,- pr rev skutt i Time
9. Inkomne saker.
10. Ny heima side på internett under RSG- NSG.
11. Val:
  - a. Val av leiar for eit år.
  - b. Val av to styremedlemmer for to år.
  - c. Val av ein styremedlem for eit år. ( valgt for 1 år)
  - d. Val av to varamedlemmer for eit år.
  - e. Val av fire utsendingar til Fylkesårsmøte.
  - f. Val av to varamedlemmer til Fylkesårsmøte.
  - g. Val av ein revisor for to år.
  - h. Val av tre utsendingar til representantskapet i Undheim Samfunnshus.
  - i. Val av 1 varamedlem til Undheim Samfunnshus.
  - j. Val av eitt medlem i Gjetarhundnemnda for to år.
  - k. Val av eitt varamedlem i Gjetarhundnemnda for eit år.
  - l. Godtgjersle til styret.
  - M. Val av eitt medlem til valnemnda.

## Innstilling frå valnemnda:

Leiar for 1 år: Geir Nielsen (attval) .

2 styremedlemmer for 2 år: Maria Undheim (ny)  
Torleif Vestly ( attval)  
( Nils Eirik Hinnaland ) (ikkje på val)

1 styremedlem for 1 år. Jone Lende (ny),

2 varamedlemmer for 1 år: 1. Idar Egeland (attval)  
2. Sveinung Hadland, (attval).

4 utsendingar til Fylkesårs møte:	Leiaren Nils Eirik Hinnaland Jone Lende Torleif Vestly.
2 varamedlemmer til Fylkesårs møte:	Maria Undheim og Idar Egeland.
1 revisor for 2 år. Hermund Lende, ( ikkje på val).	Åmund Eikeland (attval)
3 medl. til Undheim S.hus for 1 år:	Terje Nedrebø, (attval), Magne I. Undheim, (attval). Njål Sikveland, (attval).
1 vara til Undheim Samfunnshus:	Ivar Magne Mellemstrand, ( attval)
1 medl. til Gjetarhundnemnda for 2 år: Rune Bauge ( ikkje på val).	Sven Kverneland, (attval)
1 vara til Gjetarhundnemnda for 1 år:	Ellen K.Gudmestad. (attval)
<u>Godtgjersle til styret 2010:</u>	Formann: Kr 5000,- Kasserar: Kr 1000,- Sekretær: Kr 1000,- Andre styremedlemmer og 1.varamedl.kr: 500,- kvar

Valnemnda har vore: Nils Petter Aarrestad ( leiar), Ola Eikeland og Karin V.Ree

## ÅRSMELDING 2010

Laget har i 2010 hatt 171 (157) medlemmar, 129 (127) hovudmedlemmer og 27 (29) husstandmedlemmer.

Laget har 2 æresmedlemmer : Torstein Tunheim og Jesper Eikeland

Årsmøtet 2009 var på Undheim Samfunnshus den 27. januar 2010. Hallvard Ween frå NHO Rogaland var med.

### Styret i 2010 har vore:

Leiar:	Geir Nielsen
Nestleiar og studieleiar	Nils Eirik Hinnaland
Kasserar:	Torleiv Vestly
Sekretær:	Randi H. Vikanes
Styremedlem: 1 år:	Mary F.Aalberg Undheim
1. varamedlem:	Idar Egeland
2. varamedlem:	Sveinung Hadland

Me har i år hatt 5 styremøte, 2 "pakkemøter"og handsama 24 bokførte saker. 1. varamedlem har vore innkalla til styremøta.

Det er sendt ut 3 medlemskriv i løpet av året.

Årsmøte i Fylkeslaget var på Hotell Maritim 19. og 20. februar 2010. Geir Nielsen, Torleif Vestly, Randi H. Vikanes og Siri K.Haugland (stilte på kort varsel pga sjukdom) møtte frå TSG.

Til leiarmøte på Ryfylke fjordhotell 15. og 16. oktober 2010 klarte me ikkje å få nokon til å reisa og dette er beklagelig. Ein noko sein påminning frå RSG for ta litt av skylda .

Formannen sende eit brev med Siri Haugland til møtet som ho formidla til dei andre.

## **Tilstellingar**

23.03: Medlemsmøte på Særheim Smittespreiing og avl hand i hand  
Med Thor Blichfeldt

30.08: Medlemsmøte på Undheim Samfunnshus Kåringsopplegg og Soneforskrift for Rogaland  
Arvid Reiersen, Mattilsynet

18.10: Medlemsmøte på Undheim Samfunnshus  
Kåre Sigurd Undheim. Ove Myklebust. Berit Pettersen og Georg Fredrik Ueland

## **Skotpremie på rev.**

Det er utbetalt skotpremie på 26 revar mot 13 i fjor.

## **Kåringsdagen.**

I månads skifte sept / okt. hadde me heimekåring. Det vart kåra 112 verlam ( 89 i fjor)  
Hermund Lende og Bjørn Høyland stilte opp som dommarar.  
Nils Petter Aarrestad og Geir Nielsen var med og Stein Haugland tok PC arbeidet.

Nortura organiserte kjøtkåring og her vart 82 verlam kåra i Time ( har også valgt ut beste ver)

## **Premiering:**

Beste kjøtkåringsver poeng: 201090223 Eigar: Livar Nedrebø  
K indeks 125, vektavvik 18, rygg 15, lår 15, bein 9 og brukseigenskapar 9 poeng  
Ullkvalitet 6 = 197 poeng

Finaste lam iflg. dommarpoeng: 201040969 Eigar: Atle Lende  
Kropp:10, bein 10, ullkv.9, ullm. 9 = 38 dommarpoeng ( 5 lam oppnådde 37 poeng)

Premiering av oppgåve i Vibå 4H : Jan Atle Ree, tema sau.

## **Semin:**

Det vart i Time nytta både frossensæd og fersksæd frå Staur i tillegg til fersksæd frå Særheim  
Terje Nedrebø kjørte ut fersksæd

## **STYRET**

**Geir Nielsen**

**Torleiv Vestly**

**Randi H. Vikanes**

**Nils Eirik Hinnaland**

**Mary F. Aa. Undheim**

**Forslag til arbeidsplan Time Sau & Geit for 2011**

**Medlemsverving. Fagmøter. Arbeida med saker frå NGS og RGS. Sommartur. Kåringsdag.  
Ullinnsamling**

**Laget har til utlån for medlemmane i TSG en stor grill. Denne står i bua vår på skytebanen**

# REKNESKAP FOR TIME SAU OG GEITEALSLAG

2010

INNTEKTER	2010	2009
SLAKT AV DYR	0,00	273,00
SPRANG PENGAR	0,00	1 000,00
KONTINGENTER	17 115,00	15 590,00
SAL DIV. VARER/UTSTYR	10 720,00	1 250,00
TRANSPORT AV ULL	6 453,00	33 804,00
SNU SAUEN	0,00	26 945,00
RENTEINNTEKT	752,00	1 071,00
TILSKOT	11 000,00	18 162,00
INNTEKT MEDL.MØTER	0,00	15 142,00
ANDRE INNTEKTER	7 080,00	7 460,00
ENDRING/LEIGE VER	-500,00	0,00
SUM INNTEKTER	52 620,00	120 697,00

## UTGIFTER

ÅRSMØTE ROGAL. OG NSG	4 309,00	5 491,00
KOSTNADER SEMIN	0,00	700,00
TRANSPORT	21 348,00	0,00
MEDLEMSMØTER	19 850,00	33 080,00
KJØREGODTGJERSLE TIL STYRET	8 500,00	9 000,00
KÅRING	0,00	725,00
KJØP AV DYR	0,00	1 000,00
ANDRE UTGIFTER	3 961,00	8 594,00
VEDLIKEHALD/VAREKJØP	0,00	5 065,00
SKOTPREMIE PÅ REV	13 500,00	6 500,00
PORTO	2 500,00	4 162,00
SUM UTGIFTER	<u>73 968,00</u>	<u>74 317,00</u>
RESULTAT	<u>-21 348,00</u>	<u>46 380,00</u>

## EIGA

BANKINNSKOT/KASSE	115 016,00	117 617,00
1 VERAR à KR 500	0,00	500,00
TIL GODE	2 000,00	34 820,00
LAGER DIV. REKVISITA	2 000,00	2 000,00
SUM	<u>119 016,00</u>	<u>154 937,00</u>

## SKULD OG EIGENKAPITAL

SKULD	0,00	14 572,00
25/25 ANDELAR VERAHOLDLAGET	0,00	40 900,00
EIGENKAPITAL	119 016,00	99 465,00
SUM	<u>119 016,00</u>	<u>154 937,00</u>

Bryne den 07.01.11

*Amund Eikeland, Hermund Lende*

Amund Eikeland, Hermund Lende

## Note eige kapital

Eigenkapital 1/1	99465
Underskot 2010	-21348
Ilfg. vedtak årsmøte	40900
Eigenkapital 31.12.	119016

Regnskap for  
Time gjetarhundnemnd 2010

<b>INNEKTER</b>		
Startkontingent	25 350,00	
Renteinntekter	48,82	
<hr/>		
<b>UTGIFTER</b>		
Startkontingent		19 320,00
Premier		3 924,00
Commerutgifter		3 700,00
Div. kostnader		650,00
Møter		0,00
Leie av utstyr		0,00
Renter/Gebyr		10,00
<hr/>		
Sum	25 398,82	27 504,00
<b>Underskudd</b>	2 105,18	
	<hr/>	<hr/>
	27 504,00	27 504,00

Sum beholdning inkl. kasse	01.01.2010	57421,77
Underskudd		2 105,18
<b>Beholdning iflg. Regnskap</b>	<b>31.12.2010</b>	<b>65316,59</b>
<b>Beholdning iflg. kassabokslutt</b>	<b>31.12.2010</b>	<b>56216,59</b>

Fcase 05.01.2011

Ellen K. Gudmestad  
Kasserer

*Revidert 7/1-2011*

*Ansvarlig beholder  
Henningsland hunde*

### Gjetarhundnemnda

Nemnda har vore: Rune Bauge (leiar) Sven Kverneland og Ellen K. Gudmestad (vara/kass). 2010 har vore eit aktivt år med stor aktivitet. Me har hatt 5 gjetarhund tevlingar, alle hjå Sven Kverneland. 10 juni var det klasse 1 prøve med 22 deltakarar. 16 stk fekk godkjent bruksprov. 19 og 20 juni arrangerte me Nortura Vest cup.

20. november hadde me finale i Nortura Vest cup. Dette var ein krevjande prøve med dobbel uthenting og deling.

Tevlings året blei avslutta med kommune cup klasse 2 og klasse 1, søndag 19 desember.

I løpet av mai og juni hadde me nokre treningskveldar med bra opplutning. 1.august sette me opp fasre treningar, men då var interessa heller laber. Rett etter fellesferien i byrjinga av august prøvde me også å arrangere ei helge samling for kvinnelige gjetarhund førarar, men dette måtte avlysast grunna for lita påmelding. Det blir arbeid med å få til ei samling til våren. Vidare vil me arbeida med nye tevlingar og f på til treningskveldar. Me set opp garder for trening av dei yngste og mest rutinerne hundane, samt å få til meir aktiv bruk av instruktører.

Tilslutt ein stor takk til resten av styret og alle i og utenfor Time som har vore hjelpsame i forbindelse med tilstellingane.

Rune Bauge , leiar.

## Sluttord

2010 har igjen vore eit godt år med god avsetning på lamme slakt og dermed gode priser .

Det som eg vil huske best frå 2010 er utan tvil turen me hadde til Irland. Kven skulle vel tenkja seg at Noreg sin ambassadør i Irland Øyvind Nordsletten skulle invitera oss til Irland. Eg har nok ein misstanke om at også Mary Aa. Undheim hadde eit ord med i laget. Ho tok også arbeidet med å planleggja og organisera turen, billetter og anna som trengs for å få turen til å bli realitet. Me hadde en uforgløyemelege tur med eit innholdsrikt godt og spanande program og ikkje minst med eit fantastisk reisefølge med medlemmer i Time Sau & Geit.

Me fekk god innføring i sauehaldet i Irland og forholda som dei har på den ”grønna øynå” i tillegg til kultur- opplevingar, fine gardsbesøk, hundeveddeløp og ikkje minst mottaking i ambassadeboligen. Eg tenkjer mange opplevingar vil sitja i lenge hjå mange.

Eg har dei 3 åra som eg har vore formann arbeida for å få til eit tettare samarbeid mellom Sau & Geit og veraringen. I år har me gjennomført kåringa saman og medlemmane i Time Sau & Geit har fått forkjøps rett på verene fra Time veraring. Eg er overtydd om at dette vil verta ein stor fordel framover. Eg vil nytta høve å minna om at spesielt for besetningar under 100 **vaksne** sauer vil ein få ein god del tilskot fyrste året på vaksen ver.

Ellers håper eg også at Time Sau & Geit fremstår som eit lag som ynskjer medlemmer med alle saueraser , størrelser, meiningar og alder velkomne. Saue haldet vert sterkare etter så mange som mogleg er saman.

Sauekontrollen har vorte mykje enklare og informasjonen ein får derfrå vil vera til nytte for alle. Derfor går det ei oppmoing til adle om å melda seg inn i kontrollen å ta ut dei fordelene som ligg der.

Nok ein gong synes eg det er riktig å minne om reve- situasjonen i kommunen. Styret har i år fått inn fleire rever enn på ei stund. Eg vil nok ein gong få retta ein stor takk til Time Bondelag for den økonomiske støtta vi får til skotpremien. Styret har utarbeidet et skjema som reve jegarane må fylla ut hvis dei vil ha skotpremie og skjemaet skal også attesterast av grunneigar. Dette håper eg vert vedteke på årsmøte slik at vi kan ha en kontroll på kor revane blir tekne.

Det synes som om fotråte situasjonen i Time kartlagt og at det i desse dager settes inn ein innsats for å kvitte seg med den alvorlige å hissige variant som er funne. Eg ynskjer at denne innsatsen gjev eit resultat for dei som er ramma og at ein kan oppnå ein normal situasjon i sauehaldet i Time og ellers i fylket også.

Time Sau & Geit har 2 æresmedlemmer som så inderlig vel har fortjent å være det; Torstein Tunheim og Jesper Eikeland. Begge er fortsatt aktive karer som har betydd mykje for sauehaldet i Time og på Jæren.

Time har fått Siri Haugland inn i styret i Rogaland Sau & Geit og det er ein god ting når ein skal kome med forslag til endringar frå lokallaget og verta opptaderte på kva som rører seg i RSG og NSG.. Eg nytter høvet til å takke Siri for det gode samarbeidet me har fått etablert.

Tilslutt vil eg takke dei i styret som gjev seg,og dei som tek ein runde til for godt samarbeid og vel utført innsats i året som gjekk.

Geir



## Året 2010 i Prima Jæren

Dette året her har gått veldig bra. Selvfølgelig har det vært utfordrende, men det skal det være. Dette året har vi hatt en økning på ca. 141,8 % ( 100% økning i Time) på Sau og lam og ca. 14% på total slakta mengde. Men ennå kjøper vi for mye slakt. I 2010 kjøpte vi 75000 lam og 35000 sau av Nortura. Selvfølgelig håper vi å slakte mer av dette selv framover.

I 2010 prøvde vi å starte lammesesongen litt tidligere, med stort hell. I denne perioden fikk også bonden mye mer utbetalt pr. kg. På det meste var det 7 kr mer en andre slakteri.

Prima Jæren leverte også lam til Gordon Ramsy på gladmaten i 2010, med veldig stort hell. Han mente at disse lammene var i verdenstoppen. I denne leveransen var det også 15 veldig fine lam fra Time

Dette året har vi også hatt nabohenting. Det betyr at naboer kan slå seg sammen og få felles puljetillegg uten å samle lammene sine i ett fjøs. Det eneste de trenger å gjøre, er å samkjøre innmeldinga sånn at en person melder inn dyra.

Salget på lam har vært godt i år og det tror vi, og håper vi, vil fortsette. En liten tankevekker er de værslammene som kommer inn etter 1 November. Her er det en del som kan ødelegge mye for salget, for det er lukt og værsmak i disse lammene.

Prosjektet med Fylkesmannen går framover og er veldig interessant. Her er det bare å melde seg på. Til nå så har vi vært og sett på sauehus og hatt noen møter med helse og stell som tema. Vi har også hatt litt individuell oppfølging, så det går også an i prosjektet.

Me dette så ønsker vi i Prima Jæren å takke for ett godt år og lykke til med det nye året som kommer.

Hilsen

Georg-Fredrik Ueland    Produsentkontakt sau/lam på Prima Jæren

### Me i Time Sau & Geit takker våre sponsorer:





## Fatland 2010.

Fatland har fortsatt veksten, og det er 5000 aktive bønder, som samla leverer 34000 tonn slakt, ein auke på drøyt 10% frå forrige år. Det er bra! Fatland sine bønder er godt representert i alle kommuner i Sør-Norge, salgsutviklingen er god og vi treng fleire produsenter. Det er stor konkurranse blant daglegvarekjedane, som også er årsak til det gode salget. Dei største og finaste lamma vert solgt under varemerket "Henriette".

Fatland jobber for god økonomi både for bonden og slakteriet. Det oppnås med gode produksjonsresultater, **avdrått** er nøkkelen til god fortjeneste. Det er realistisk å produsere 40 kg slakt pr vinterføra sau, -kva har du?

Fylkesmannen sitt prosjekt "Auka produksjon i saueholdet 2009 – 2012" er eit unikt tilbod til deg som sauebonde. Her kan du som sauebonde å få hjelp/rådgjeving til alt som omfatter sau. Til døme : utmark/beiteressurser som kan nyttast, bør føring endrast, kva med helse, kva med ulla, ...? Tenk gjennom dine resultat, kva økonomi sauen gir, - kjekkare å driva med det som gir inntekt.

Saukontrollen er interessant og godt hjelpemiddel for å oppnå gode resultat, og dermed god økonomi på sau. Dersom du ikkje er med, ta kontakt, vi hjelper deg å koma i gang og det er gratis fyrste året!

Fatland Jæren har i 2010 slakta 60455 småfe og 14260 av desse har Time levert. Gjennomsnittspris pr/kg på lamma frå Time er **kr 51,70** og for slakteriet kr 50,40. Det er mange faktorer som spelar inn her, blant anna leveringstidspunkt. Kvaliteten på lamma er veldig bra, med tanke på klasse, feitt og vekt.

Fatland Ull sitt Ullmottak på Hommersåk har fått ny leiar, Vidar Oftedal. Det er viktigare enn nokon gong å produsere ull i klasse 1, fordi det er stor prisleikskjell på god og dårleg ull. Sau og Geit laga får godgjørslle for innkøyring av ull.

Kjekt at to av Fatland sine klypperar fekk 1. og 2. plass i Norgesmeisterskapet i saueklypping, Neil Perry og Inge Morten Trondstad. Gratulera!!

Vi takker Time Sau og Geit for samarbeidet i 2010 og ynskjer lukke til med arbeidet vidare!

Berit Pettersen

*Rådgiver småfe/KSL ansvarleg*



**FATLAND**

# Klar?

IKKE NØL MED Å PRØVE OSS!

Våre gode rådgivere, Berit Pettersen, 95 20 03 40 - [berp@fatland.no](mailto:berp@fatland.no),  
og Hilde Håland, 98 24 22 14 - [hilk@fatland.no](mailto:hilk@fatland.no), vil mer enn gjerne  
hjelpa deg og svarer på alle spørsmål som har med sau og lam å gjøre.

Fatland Ølen 97 98 55 22 • Fatland Jæren 97 97 21 20

[www.fatland.no](http://www.fatland.no)



## Lam til Nortura frå Time kommune i 2010.

Av Ove Myklebust

### Godt nytt år og takk for samarbeidet i 2010.

Eg ser på statistikk frå Statens landbruksforvaltning, produksjonstilskott i jordbruket at det er 2 mindre bruk som driv tradisjonelt med sau i Time i 2010 i forhold til 2009. Sauetalet har siste året auka med 452 småfe. 4 bruk har til saman 181 utgangersauar. Det er eit bruk og 54 sauar meir enn i 2009. 31. juli 2010 hadde kvar vinterføra sau i Time 1,63 gangslam i snitt.

Slaktekvaliteten på lam frå Time kommune til Nortura er fortsatt god. Heile 96,63% av lamma har komme i slakteklassane O+ og oppover. Berre 0,64 % av lamma har komme i P slakteklassane. Slaktevekta har auka med 0,1 kg i forhold til 2009 og antal overfeite lam har auka med 1,4 % og er no på 10,7 %. 7,9 % av lamma slakta på Forus har vore i feitgruppene 3 og oppover. Rogaland og Time har hatt ein god forbetring når det gjeld overfeite lam dei seinare år. Stjernelamprosenten har vore 80,89. Det er 1,61 % lågare enn i 2009. Det er berre Kvitsøy av kommunane i Rogaland som har høgare stjernelamprosent enn Time. De har stor grunn til og vere fornøgd med lamme kvaliteten.

Siste året har vi fått inn 155 lam meir frå Time enn same periode i 2009. Dette er bra, men vi burde fått inn endå meir lam i frå Time. Nortura er som kjent bondene sitt slakteri.

Til 17 des. 2010 har vi på Forus fått inn 119719 lam. Det er omtrent same lammetall som i 2009. Likevel taper vi markedsandel. I Rogaland har vi tapt ein markedsandel på lam på bort i mot 3 %. Dette må Nortura gjere noko med, så sauebøndene vel og levere slaktet til oss. Som de ser av tabellen så er lammekvaliteten god.

### Lam til og med 17. desember 2010.

	Antal lam	% i P klassane	% i O+ og oppover	Gjennomsnitt vekt
Forus	119719	2,09	90,98	19,0
Time 2009	6916	0,62	97,91	20,0
Time 2010	7071	0,64	96,63	20,1

Slaktemogne vèrlam bør slaktast før ein kjem til november mnd og ein bør unngå og slakta vèrlam i november, desember og januar. Det kan vere veresmak på desse lamma om dei blir klassa som lam. Forbrukarar som kjøper desse lamma reagerer på smaken og vil kvi seg med og kjøpa lam att.

### Sal av lam.

Dei første årslamma som kom inn i april, mai og byrjinga av juni var greie og selja til høg pris. Ein del av lamma var for store. Dei bør ikkje bli over 20 kg slaktevekt. Frå 2. veka i juni og resten av juni fekk vi inn for mange årslam i forhold til det ein kunne selja til høg pris, så då blei Ca halvdelen av desse lamma skore ned til produksjonskjøt. Det har i 2010 vore 10 % meir færekålkjøtsal enn i 2009. Det er blitt seld 30 % meir lammelår. Pinnekjøtsalet ser ut til og auka med rundt 10 %. Reguleringslageret av lam 1. januar 2011 ser ut til å bli mindre enn 100 tonn. 1. januar 2010 var reguleringslageret på Ca 800 tonn. Vil lageret av lam vere stort nok til å unngå fri import av lam i vinter/vår?

### Sauekontrollen.

36 personar frå Time har vore med i sauekontrollen hjå Nortura i 2010. Det er gledelig at det i desember 2010 har meldt seg inn 2 nye saubesetningar frå Time i sauekontrollen. Marie Fuglestad, telefon 99250396 vil og i 2010 hjelpa til med sauekontrollen i Time kommune. Sauekontrollen er eit godt styringsverktøy. Førar ein sauekontrollen sjølv på web kostar den ikkje meir enn 700 kr i medlemsavgift pr år. **Sauekontrollen er ei god investering til å få betre økonomi i sauehaldet.**

### Ull til Forus.

Det er for tida ingen problem med å ta i mot ull på Forus. Dei som klassar ulla har fått betre arbeidsforhold og er blitt meir effektive med ullklassing og veving av ulla. Ull oppgjere kjem no som regel raskt ut til dei bøndene som leverar ulla si til Nortura Forus.

### Lykke til med sauehaldet.

## Ferdaminne frå førsumaren 2010

### Time Sau og Geit på tur til irske sauebønder og norsk ambassadør 26. mai – 30. mai 2010

Ein iskald vårmorgon – eller rettare natt- til 26. mai blei 48 jærbuar henta med buss og køyrde til Sola for å ta fly til Dublin kl. 06.00.

Etter å ha fått svevnen ut av augo, steig stemninga blant medlemmer og andre av Time Sau og Geit. Formann Geir Nilsen var i storform, og styremedlemmene handla inn norsk åkevitn på Sola som skulle vera gåver til irske sauebønder saman med det legendariske "Sau og Geit"- kruset som var med i bagasjen.

Vel framme i Dublin blei me henta av ein svært fjåg ambassadør til Irland, timebuen Øyvind Nordsletten. Me blei innkvarterte på det noko barokke Trinity Hotel midt i Dublin sentrum. Hotellet hadde mange minne frå britisk kolonitid, og såg ut som ei blanding av teater og hotell. Nokre av oss tok ein tur ut etter lunch og innføring om sauehaldet i Irland frå ein representant frå Landbruksdepartementet der borte. På tur i Dublin by fann me nasjonaldiktaren James Joyce i eigen høge person i bronse i gågata.

Elva Liffy renn tvers gjennom Dublin, og ei ny bru laga som ei harpe, riksvåpenet til Irland, var eit landemerke over den blå elva som glitra i kveldssola. Brua heiter Samuel Becket Bridge og er eit flott minnesmerke over det nye, moderne Irland.

Den første kvelden vart avslutta med middag og irsk folkemusikk og riverdance på puben "The Merry Ploughboy." Utanfor var det faktisk palmer som svaia i vårkvelden, og ein gråtass stod til pynt utanfor. Jau, "The Emerald Island" er eit jordbruksland, ingen tvil om det! Men det er store forskjellar mellom norsk og irsk landbruk. Den største er nok alle tilskota dei irske sauebøndene får gjennom EU- medlemskapet. Mellom anna tilskot til klyppin, og elles pr. sau. Ein annan var driftsbygningane. I det milde irske klimaet gjekk sauene helst ute året rundt. Dei var bare inne under sjølve lemninga. Bygningane var nokså opne plashallar, med noko skydd mot vær og regn. Elles kunne ein faktisk sjå opne mittingar utanfor gamle løer. Ikkje heilt EU- standard!

Svært troytte jærbuar vakla i seng ved midnatt etter ein lang og svært begivenhetsrik dag. Her galt det å samla krefter, for alt klokka 09.00 var Nordsletten på plass med buss og sjåfor for å køyra oss i retning av Kilkenny, sørover, altså.

Skiltinga på vegane er både på engelsk og irsk. Sjølv om irsk er likestilt med engelsk, har okkupertane gjennom hundrevis av år sitt språk, engelsk, det dei fleste irar brukar til vanleg.

Første stopp var hos bonden Murphy og kona hans. Dei serverte nylaga scones, te og kaffi til jørbuane på trappa i vårsola. Etter god servering bar det utover markene for å sjå på sauene. Då kom der sjølvsgatt ei formidabel regnbyge. Ho skremde ikkje dei største saueentusiastane. Mange sauer og lam var ute på dei grøne engene. Verene sto inne i plashallen, klare til utstilling og vidare sal. Murphy hadde fått fleire premiar for dei flotte verene. Ambassadøren fekk derimot svært blaute sko og måtte kjøpa nye joggesco seinare på dagen! Me besøkte og eit livdyrutsal seinare på dagen der Murphy hadde selt fleire livdyr den dagen og var storfornøgd med oppgjerdet! Murphy er formann idet irske bondelaget, eller Farmer's Assosiation som det heiter i Irland.

Me besøkte også avtroppande formann i det irske bondelaget. Burnes. Familien Burnes' var utruleg hyggelege, og både foreldra, søstrene og naboar stilte opp for å servera oss fleire scones, kaker, kaffi og te i reiskapshuset. Heimehuset til senior Burnes låg over ein trafikeret veg, og sidan dei hadde ein ny unghund på garden, måtte grinda lukkast. Dette gløynde gamle Burnes i all ståheien med Jærbesøk. Hunden sprang over veggen, og blei påkøyrd mens me såg på! Bileføraren kom attende, hunden vart tatt hand om av dottera på garden som var sjukepleiar. Ho køyrde han til veterinær. Truleg hadde han brote foten. Ein lita hyggeleg slutt på eit flott gardsbesøk med flotte sauer og saueklypping.

Fredagen var me i nasjonalparken Glendalough. Klosteret her blei grunnlagt på 600-talet, men øydelagd i 1398 av engelskmennene. Tårnet, som framleis kneisar mot irsk vårhimmel, er 33 m høgt. Her gøynde irane verdfulle ting for vikingane som kom opp elvane på 800-talet på plyndringstokt. St. Celvin Cross, ein keltisk kross, er framleis å sjå på kyrkjegarden som framleis er i bruk. Krossen er oppkalt etter einebuaren Kelvin som grunnla klosteret i folkevandringstid.

Det blei herskapeleg hagebesøk på laurdagen i eit flott herskaps hus frå 1700-talet der det nå var hagesenter, kafear og butikkar. Litt shopping for jærbuar før det var spesiell lunch oppe på heia over Dublin på den gamle skysstasjonen Johnnie Fox's Pub. Her hang det onnebokse til tork ved peisen, og det var eit uttal pissepotter i taket! Utanfor var det gamle Austinar og gråtassar i trengsel. Ei spesiell oppleving med utruleg god Irish Stew, nasjonalretten. Laga av sau og grønsaker, sjølvsagt!

Me blei også inviterte til Åslaug og Øyvind Nordsletten i ambassadorbustaden. Det var utruleg koseleg, og hagen var eit syn. Gartner var Åslaug Undheim Nordsletten, frå Undheim opprinneleg.

Som om ikkje dette var nok, hadde me ein utruleg spesiell kveld på Greyhound Race. Ingen var vel spesiell rike etter kvelden på veddeløpsbanen, men somme klarde å betala drikkevarene med utbyttet!

Søndagen var det strålende sol over Dublin by. Då skulle jærbuane venda nasen heimover. Nordsletten følgde oss heilt til flyplassen for å sjå oss vel avgarde! Me takka for super guiding og ein kjekk tur til vår sjarmerande nabo i vest.

Turid Time

## Sweetlics mineraler



Mineraler til sau, storfe og hest. Etter veldig gode tilbakemeldinger er vi glade for å kunne tilby flere varianter av mineral- og vitamintilskudd. Fra Inform Nutrition i Irland har vi et bredt spekter av tilskudd. Kom innom for en gjennomgang av mulighetene som finnes.



Lac-Tek - prisgunstig automat til lam og kje

## Gullsøya

Vårt eget utvalg av grinder, porter, fronter og fôrautomater for sau.



## Fôringsfront

Justerbar eteåpning. 6 stk gir en rundballehekk. Kan også nyttes i andre anledninger.

Leveres i målene:  
120 cm og 250 cm



## Sauegrinder

Galvanisert stål med 22mm horisontale rør.

Leveres i målene:  
120cm – 150cm – 190cm – 230cm

### Sauegrind med port:

Leveres i målene:  
190cm – 230cm

### Saueport:

Port med ramme, hengsle og portlås. Leveres i målene:  
80cm – 120cm – 150cm



## Lettgrinder

Lettgrinder med 7,5 x 7,5 cm. nett. Leveres i målene:  
100 cm. – 140 cm. – 200 cm. – 300 cm.



## Sprayfo lam

Basert på melkeråstoff levert av:



Spesial melkeerstatning for lam og kje med ett godt rykte i hele Norge. Leveres også i egne utgaver for kalv og smågris. Også disse er produsert med myse fra Tine. Sprayfo er homogenisert og spraytørket. Dette gir mikro energipartikler som er kapslet i protein. Protein og fettsammensetning som i helmelk. En meget lettfordøyelig melkeerstatning med lang holdbarhet (12 mnd). Lett å løse opp. Oppløst er den stabil i 24 timer. Ingen fettavleiring i spann eller automater. Det ideelle produktet for oppfôring av lam og kje.



## Kraftfôr-automat

Kraftfôrautomater Leveres i målene: 120 cm. og 250 cm. Med 12 eller 24 eteåpninger.



Adopsjonsgrinder

**Bryne Landbruksservice as** er rustet til lammesesonen med ett bredt utvalg av grinder, porter, krybber, kraftforautomater, melkeautomater, smokker og selvfølgelig melke-erstatning og mineraler.

Vi mener å ha det bredeste utvalg av rekvisita spesielt til saueprodusentene.

Kom innom for gode tilbud.

Vi har også lørdagsåpent fra 09.00- 13.00.



**Bryne Landbruksservice as**  
Hålandsveien 31- Håland Vest, Bryne  
Telefon 51 77 07 00

[www.bls-as.no](http://www.bls-as.no)  
e-post: [geir@bls-as.no](mailto:geir@bls-as.no)